

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGENDato: 07.01.2015
Vår ref.: 2014/19846-4
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Reimers & Søns efff., Olav Kyrres gate 1, Bergen kommune. Fredingsforslag til uttale

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd forslag til freding av lokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efff., som i dag husar kafeen Anne & JC's Kaffelade i kjøpesenteret Galleriet (gbnr. 166/633, bygningsnr. 9497811). Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka 29. august 2014 og lagt ut til offentleg ettersyn. Slik kulturminnelova § 22.3 og reglane for handsaming av fredingssaker føreskriv, skal fredingsforslaget leggjast fram for kommunestyret, saman med merknadene som kom inn under høyringa og fylkeskommunens kommentarar til desse.

Ved høyringa kom det inn ei fråsegn. Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 20. november 2014 følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet sluttar seg til freding av lokalet til tobakksbutikken Reimers & Søns efff.»

Det offentlege ettersynet gjer soleis ikkje grunnlag for å endra på fredingsforslaget.

Me ber Bergen kommune uttala seg til fredingsforslaget så snart som råd er og innan tre månader. På bakgrunn av kommunen si fråsegn kan fredingsforslaget verta justert. Det vert så sendt over til Riksantikvaren, som gjer slutthandsaminga og fattar vedtak om freding.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren Postboks 8196 dep. 0034 OSLO

Vedlegg:
Fredingsforslag
Kulturminnedokumentasjon
Fråsegn frå Fylkesutvalet i Hordaland